


# EVAKUERINGSPLAN MELAND KOMMUNE



## 1. Bakgrunn

I gitte situasjonar kan personar måtta flyttast frå eit farleg til eit trygt område. Det kan vera fordi det ikkje er mogleg å forsyne dei med naudsynte tenester (vatn, straum mv.), fordi det medfører fare å opphalde seg på staden (brann, eksplosjon, lekkasje av farlege stoff mv.) eller at redningsarbeidet kan bli uroa med mange folk til stades.

Evakuering frå eit skadeområde/utsett område i kommunen kan skje til eit anna område i kommunen eller til eit område utanfor kommunen. Det er viktig at støtteapparatet er klår over at det er politiet/LRS som leiar sjølve evakueringa. Oppgåva til til kommunen sitt støtteapparat er først og fremst å sørge for innkvartering og hjelpe politiet/LRS med evakueringsarbeidet.

### 1. Organisering av evakueringsarbeidet

Kommunen sitt støtteapparat i samband med evakuering/innkvartering skal bistå politiet/LRS.

Evakueringsleiar: Leiar for logistikk i KKL

Evakueringsnestleiar: Oppsynsmann bygg

Mannskapsressursar: Sjå punkt 2

Andre ressursar: Innkvarteringsgruppe og forsyningsgruppe, sjå Beredskapspermen kap. 5

### 2. Tilgjengelege mannskapsressursar ved gjennomføring av evakuering

1. Røde Kors Hjelpekorps	911 71 252
2. HV 03	951 29 886
3. Sivilforsvaret	55 10 93 00
4. Egil Gripsgård – PUK	918 70 157
5. Bjørn Bergås - PUK	474 62 159
6. Geir Jensen - PUK	950 75 040
7. Leif Harald Olsvoll - PUK	908 36 620
8. Jarle Lillemoen – PUK	951 03 503

Støtteapparatet for evakuering sørger saman med LRS for nødvendig transportkapasitet.

### 3. Mottak

Sjå oversyn innkvarteringsstader i Meland, jf Beredskapspermen kap. 5.

#### 4. Oppgavene til kommunens støtteapparat for evakuering

- Saman med LRS å skaffe til vegar nødvendig transportkapasitet frå skadestad/omgjevnader til mottaksentralar og evt. vidare til innkvarteringsstad.
- Varsle mottaksstad og etablere mottaksapparat på aktuelle mottakssentralar.
- Samle alle evakuerte på den aktuelle mottakssentralen.
- Registrere dei som vert evakuerte og eventuelt kven som vert innkvartert kor, kven som flyttar på eiga hand m.m.
- Samarbeide nært med KKL og LRS.
- Sørge for å innkalla aktuelle ressursar til forpleining og innkvartering.
- Evt. involvere kommunal ressursgruppe for psykososiale krisesituasjonar og nødvendige støttespelarar for omsorgsfunksjonar.

#### 5. Ved evakuering av Frekhaug sentrum:

Sjå innkvarteringsstader i Meland, jf. Beredskapspermen kap. 5. Kriseleiinga til kommunen har ansvar for å rekvirere nødvendig innkvarteringskapasitet. Støtteapparat for evakuering tek seg av den tekniske sida av innkvarteringa etter behov. Ved behov for psykososial støtte vert KKL kontakta. Dei kontaktar kommunal ressursgruppe for psykososiale krisesituasjonar, eventuelt Nordhordland legevakt.

#### 6. Pårørandesenter

Det er normalt politiet sitt ansvar å opprette pårørandesenter. Dersom den praktiske delen vert overført til Meland kommune vil leiar for kommunen sin psykososiale kriseteam ha ansvaret for dette. Pårørandesenter vert etablert på Meland sjukeheim - Eldresenteret og øvrige lokale i 1. etasje på sjukeheimen.

#### 7. Aktuelle arbeidsoppgåver og rollefordeling under evakuering

Oppgåver	Roller	Merknader
Rettleie evakuerte og styre dei til rett stad. Sørge for ro og orden ute. Sørge for at uvedkomande ikkje kjem inn i lokala.	<b>Ordensvakter</b> utanfor mottakssentral  1-2 personar	Ved behov kan det opprettast lokale for pressa i møterom 3, rådhuset.
Halde orden registreringsplass. Registrera alle på eige skjema. Losa dei registrerte til avsette rom.	<b>Innregistrering</b>  2 personar	Det er viktig at evakuerte vert nøye kategorisert og vist til rett stad. Samanblanding av grupper med ulike behov kan skape uro.

<p>Ordne registreringsplass. Registrere alle som forlèt mottaksstaden særskilt.</p> <p>Har mynde til å avgjera om nokon kan forlata mottaksstaden - gjev då melding til den som registrerer ut.</p>	<p><b>Utregistrering</b></p> <p>1 person</p>	<p>Viktig logistikk for evakueringsleiinga.</p>
<p>Loggføre alle formelle meldingar og avgjersler.</p>	<p><b>Loggførar</b></p> <p>1 person</p>	<p>Viktig dokumentasjon på alle hendingar. Loggen er òg viktig for evaluering av krisesituasjon/øving.</p>
<p>Tilretteleggje lokala som skal brukast.</p> <p>Klårleggja behovet for ressursar utanfrå: Mat, transport, utstyr m.m..</p> <p>OBS: Delegasjon frå rekvisisjonsstyresmakt.</p>	<p><b>Tilretteleggjer av lokale og ressursar elles</b></p> <p>2 personer</p>	<p>Viktig at den digitale infrastrukturen fungerer.</p>
<p>Ivareta evakuerte som har behov for bistand og omsorg knytt til hendingar dei ulike evakuerte har vore igjennom.</p> <p>Ved behov kontakte KKL.</p>	<p><b>Bistand og omsorg</b></p> <p>3-6 personer</p>	<p>Fortløpande gje evakueringsleiinga status for evakuerte. Sørge for å vera tidleg ute med behov for ytterlegare ressursar. Raskt orientera og informera innregistreringsansvarleg om det viser seg at det har skjedd feil-</p>
<p>Halde oppsyn med at det er ro og orden inne i mottaksentralen.</p>	<p><b>Ordensvakt inne</b></p> <p>1-4 personer</p>	<p>Viktig at ordensgruppa held god kontakt med innregistrering og utregistrering slik at ulike kategoriar evakuerte vert plassert riktig på mottaket.</p>
<p>Sørge for kommunikasjon mellom evakuerte og til dømes pårørande.</p> <p>Bistå evakuerte med å få kontakt med sine pårørande.</p>	<p><b>Kommunikasjon mellom evakuerte og utenverden:</b></p> <p>1 person</p>	<p>Ha merksemd retta mot alle kategoriar evakuerte. Gje fortløpande informasjon begge vegar.</p>
<p>Observere under heile evakueringa.</p>	<p><b>Observatør</b></p> <p>1 person</p>	<p>Ha merksemd retta mot alle kategoriar evakuerte. Gje evakueringsleiinga råd under evakueringen.</p> <p>Laga rapport om evakueringa.</p>

## 8. Telefonliste

<b>Etat/verksemd</b>	<b>Navn</b>	<b>Mobiltelefon</b>
LRS	Lokal redningssentral	<b>02280</b>
Sivilforsvaret	Døgnvakt	<b>488 88 988</b>
Buss - Skyss	Vakthavende Fylkesdirektør	<b>409 20 897</b>
Passasjer Båt - Skyss	Vakthavende Fylkesdirektør	<b>409 20 897</b>
Ambulansar - AKUTT	AMK	<b>113</b>
Ambulansar - Bestilling	Helse Bergen	<b>553 61 706</b>
Taxi	Nordhordland Taxi	<b>03020</b>
Taxi	Bergen Taxi	<b>07000</b>
Minibuss Meland sjukeheim	Leiar Randi R. Minde	<b>994 97 612</b>

## 9. Oppdatering av evakueringsplanen

Planen skal oppdaterast minium ein gong per år. Ansvarleg: Beredskapskontakt (personal- og organisasjonssjef)

## 10.Evalueringsoversikt - skjema for mottakssentralar

Logg for (lokasjonens navn: )	Hending	Ansvarleg	Klokkeslett	Meldt til	Vidaresendt til	Merknader	



